



12.03.2021

Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN  
post@vlfk.no

Arkivsak: 20/2062-6  
Løpenr.: 21/4777  
Sakshandsamar:  
Olav Grov

### **Melding om politisk behandling - Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Høyring Ref: 2020/74003**

Me viser til dykker høyring, ref 2020/74003.

Det vert med dette gjeve melding om at Formannskapet og næringsutvalet har gjort slikt vedtak i møte den 10.03.2021, sak 32/21:

#### **«Luster kommune si høyringsfråsegn.**

Planutkastet har tre satsingar, Luster kommune kommenterer aktuelle problemstillingar innanfor dei ulike satsingane sett frå Luster kommune sin ståstad:

#### **Grøn næringsutvikling**

Luster kommune har ein stor produksjon av grøn energi (vasskraft), omlag 3400 gwh. Dei siste åra har det vore bygt ut 8-9 småkraftverk i Luster kommune, framover vil det truleg bli bygt ut ytterlegare 6 -7 kraftanlegg ( seks av desse har fått konsesjon). Statkraft, Hydro og Sognekraft eig dei største vasskraftverka i Luster kommune. I tillegg er Statkraft si regionleiing og driftssentral for Midt-Norge lokalisert i kommunen. Det er godt over 100 tilsette i kraftbransjen i Luster kommune.

Det er viktig for kommunar med kraftproduksjon at skattlegging av kraftverk, konsesjonskraft og konsesjonsavgifter og i framtida har ein retning, der det går verdiar attende til lokalsamfunna som har stillt sine kraftverdiar til rådvelde for storsamfunnet

Å utnytte mest mogeleg av den grøne energien lokalt er ei viktig problemstilling. Luster kommune arbeider nett no med å tilrettelegge areal for å utvikle grøne datasenter. Det er starta reguleringsprosess i område ved Leirdøla kraftstasjon der det i dag er eit stor arbeid for å bygge nytt trafoanlegg og svært god tilgang til redundant grøn energi. Dette er eit utviklingsarbeid i samarbeid med betydelege aktørar industrielt. Å bygge grøne datasenter nær produksjonanlegga for straum er både økonomisk rett og klimarett. På den måten unngår ein energitap i transport av energien. Energitap som kan vere mellom 5 og 10% over lengre distansar.

Luster kommune vil gjerne ha eit strategisk samarbeid med Vestland fylke om utnytting av grøn energi nær produksjonsanlegga i kommune.

Fleire av bedriftene i kommunen arbeider med utviklingsprosjekt for å bli meir berekraftige. Luster kommune nyttar eigne næringsmidlar til utvikling av næringslivet, i vår næringsplan er det nedfelt at Luster kommune yter ekstra økonomiske ressursar til utviklingsprosjekt i næringslivet som er klimarette Offentleg økonomisk medverknad til omstilling av næringsliv i grøn retning er viktig, og er noko både Fylkeskommunen og Innovasjon Norge bør gje prioritet.

## **Innovative og inkluderande samfunn**

Det er viktig at det offentlege, både staten og fylkeskommunen er på tilbodssida for å utvikle både samfunn og næringsliv. Utviklinga i folketal og næring syner at både i Noreg og i Vestland er det særleg dei mindre kommunane som er lokalisert eit stykke frå dei større senter som har nedgang i folketal og utfordringar med næringsstruktur. Desse kommunane må ha ekstra stor utviklingsmerksemd frå fylkeskommunen.

Reiselivet er ei stor næring i Luster kommune og resten av Vestland. Reiselivet er eksportretta, det er viktig å arbeide no i fyrste omgang med å «berge og restaurere» næringa etter koronaen. I det vidare må det vere særleg fokus på å forlenga sesongar for å skape heilårlege arbeidsplassar. Heilårlege arbeidsplassar er grunnleggande for at reiselivsnæringa gjev arbeidsplassar er samfunnsbyggjande og som fører til fast busetnad i større grad. I eit klimaperspektiv må det og vere fokus på meir kortreiste turistar, og turistar som er i området lengre periodar.

Det trengst ressursar frå det offentlege til arbeidet med å restaurere næringa etter koronapandemien og til det vidare arbeidet med utvikling/omstilling av reiselivsnæringa til ei heilårsnæring.

Luster har ein industri innafor «merker/labels» som er både nasjonalt og internasjonalt retta, denne industrien jobbar målbewist for berekraftig utvikling både når det gjeld produktutvikling og produksjonsprosessar. Produkta er «ferskvare», god og effektiv logistikk er viktig, både frakt på veg og fly. Det er erfaringar med at rask transport internt i Noreg og ut av landet, er under press.

Landbruket i Luster kommune og Vestland er ei viktig næring. Koronapandemien har sett fokus på at tilgang til matproduksjon er sentralt for alle samfunn. Luster kommune har siste åra nytta ressursar for å få til ei satsing i landbruksnæringa. Dette har me lukkast bra med: generasjonsskifte, nye driftsbygninga med moderne teknologi og andre satsingar innan næringa har komme. Det må arbeidast meir med forsking og utvikling for å gjøre landbruksnæringa så berekraftig og klimarett som råd, det må og komme ordningar med offentlege midlar for berekraftutvikling i næringa.

Transport er viktig i det grøne skiftet. Det er viktig både for transportnæringa og reiselivet at det vert bygd ut eit nett av hurtigladelestasjonar raskt. Offentleg transporttilbod (el-bussar) i distrikta må og utviklast slik at rutetilboden vert slik at ungdommen har høve til å delta i ulike aktivitetar i regionen. Offentlege kollektivtilbod er og vesentleg for reiselivsnæringa, det er ynskjeleg å få fleire turistar til å nyte kollektivtilbod. Sjølvsagt er kollektivtilbod og viktig for pendling til og frå arbeid. Utbygging på vegsektoren er og ein viktig del av å få på plass betre grunnlag for næringslivet sine behov for å leve varer.

Innvandrarar er ein ressurs. Luster kommune har over år drive norskopplæring for å få innvandrarar betre integrert både i arbeidsliv og samfunnsliv generelt. Det er viktig og for å innvandrarar til å bli buande i distrikta.

Kompetanse vil bli endå viktigare framover. Det er viktig å ha vidaregåande skular i nærlieken med god breidde i tilbod, lærlingordningane er og viktig for å rekruttere unge inn i handverksyrke. Stadig fleire tek høgare utdanning. Vidareutvikling av tilboden på høgskulenivå utanfor dei større byane er viktig for å rekruttere arbeidskraft både for næringslivet og kommunane.

Sirkulærøkonomi – gjenbruk av ressursar må bli sentralt framover. Luster kommune har i samarbeid med det regionale renovasjonsselskapet SIMAS sett i gang arbeidet med ein ny miljøstasjon der gjenbruk vil vere sentralt. Luster kommune har engasjert seg saman med Luster Frivilligsentral for å ha ein god brukbutikk i kommunen.

Mange i Luster arbeider i nabokommunane, der det er etablert relativt store offentlege arbeidsplassar i Sogndal. Det vil vere viktig også framover å flytte ut offentlege funksjonar og vidareutvikle desse til distriktskommunane. Sjølv om koronaempedemien har lært oss mykje om «fjernarbeid», må det og arbeidast målretta med å etablere grøne klimarette bussruter som gjer arbeidspendlings med offentleg transport mogeleg i ein felles bu- og arbeidsmarknad i Sogn

### **Areal**

Det er viktig for ein kommune å tilrettelegge areal både for næringsutvikling og bustadbygging. Målet er å unngå å bygge ned dyrka og dyrkbar mark. Det vil alltid vere bra å ha planprosessar så mykje i forkant at det ikkje vert venting for utbyggjarar. Næringslivet likar venting därleg.

Store deler av Jotunheimen nasjonalpark, Jostedalsbreen nasjonalpark, Breheimen nasjonalpark og andre verneområde ligg innafor kommunegrensene. Det er sjølv sagt svært styrande for arealbruk i desse områda.

Luster kommune er no i ferd med å starte arbeid med ny kommuneplan, i den prosessen vil klima og berekraft bli sentralt.»

Med helsing

Anita Bjørk Ruud  
Politisk sekretariat

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.*